

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

1. Fylkestinget ber om å få ei utredning som tek fore seg moglege gevinstar og positive verknader av ulike modellar på gratis kollektivtransport, som til dømes i Fredrikstad kommune og Luxembourg.
2. Fylkestinget går inn for å bevare servicelinjene i Bergen.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-4 og 6-7 vart samråystes vedteke.

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 24 røyster (H, Frp, FNB).

Syversen sitt forslag fekk 2 røyster (R) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek eit første handlingsprogram for kollektiv i Vestland som i overgangen byggjer vidare på dokumenta frå dei to føregåande fylka.
2. Fylkestinget vedtek å rullere Handlingsprogram for kollektivstrategien for perioden 2020-2023, i tråd med handlingsprogram frå Hordaland fylkeskommune.
3. Fylkestinget stiller seg bak at det blir arbeidd vidare med kollektivtiltak i tråd med Handlingsprogrammet for Regional transportplan 2020-2023 i tråd med handlingsprogram frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge regionale sentra inn som tydelege knutepunkt ved oppbygging av kollektive linjer. Korrespondanse skal vektleggast der brukarane må skifta transportmidler.
5. Fylkestinget vil be om at vedteken politikk frå fylkestinget i Hordaland og Bergen bystyre om kollektivfelt på 4-felts innfartsårer vert omtalt i Handlingsprogrammet og gjennomført, og at ein kjem attende med plan for gjennomføring av dette.
6. Det er naudsynt med tiltak for å betre framkommelegheita for bussane til dei store kollektivterminalane i Bergen.
7. Fylkesutvalet ber om at utval for samferdsle og mobilitet vert involvert i arbeidet med ny kollektivstrategi for Vestland. Ein ber vidare om at politiske vedtak knytta til nullutsleppskrav innan 2025, korrespondanse og budsjettformuleringar vert tekne inn i strategien.